



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2271 - 18/9129

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
16.03.2018

Svar på spørsmål om utsend faktura - gbnr 11/84 Hølleland

Lindås kommune viser til din e-post mottatt 14.03.2018 som gjeld spørsmål knytt til faktura for tiltak på gbnr 11/84. Vi har ikkje oppfatta skrivet som ei klage på gebyret.

Vi har følgjande svar på din førespurnad:

Sak 008/18: Faktura nr 5000007

Saka gjeld tilbygg til eksisterande fritidshus. Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen.

Det er søkt om dispensasjon og rammeløyve, jf søknad datert 14.07.2017.

Det er i administrativt vedtak datert 15.01.2018, saknr 008/18, gitt dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på vilkår.

Det er fakturert gebyr for dispensasjon (kr 9 500,-) og for rammeløyve (kr 6 900,-). Totalt kr 16 400,-.

Vi kan ikkje sjå at det er feil i utsend faktura.

Sak 046/18: Faktura 5000058

Saka gjeld søknad om oppføring av naust. Tiltaket krev dispensasjon for arealføremål på land, arealføremål i sjø, det generelle plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen og byggjegransa mot sjø.

Det er søkt om dispensasjon for alle tilhøva som krev dispensasjon og rammeløyve, jf søknad datert 14.07.2017 med supplerande dokumentasjon datert 25.10.2017.

Det er i vedtak datert 09.02.2018, administrativt vedtak saknr 046/18 gitt avslag på søknaden.

Det er fakturert gebyr for 2 dispensasjonar (2 x kr 9 500,-) og rammeløyve (kr 6 900,-). Totalt kr 25 900,-.

I følge gjeldande gebyrregulativ punkt 4.1 skal det betalast gebyr sjølv om det vert gitt avslag på søknaden. Når det gjeld gebyrfastsetjing for dispensasjonssaker skal det fakturerast eitt gebyr per dispensasjon, jf punkt 9 i gebyrregulativet.

Saka omfattar 4 dispensasjonar og følgjeleg skal det fakturerast 4 dispensasjonsgebyr. Kommunen har i denne saka likevel funne grunnlag for å berre fakturera 2 dispensasjonsgebyr. Grunngeving for dette er at vurderinga av den enkelte dispensasjon i stor grad har vore samanfallande.



Vi kan ikkje sjå at det er feil i utsend faktura.

Ut i frå dette er det kommunen si vurdering at utsend fakturaer er riktige og vert å betala slik dei ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eining for arealforvaltning ved
fakturaansvarleg

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND

Mottakarar:

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND